

Beste praksis – innovativ tilnærming til kulturarv

Sharing best practise – An Innovative Approach to Heritage

Beste praksis – innovativ tilnærming til kulturarv i Noreg og Skotland

Hordaland fylkeskommune og Scottish Government inviterer til rundebordskonferanse i Bergen 24. oktober 2014.

Stad: Hotell Scandic Bergen City
Tidspunkt: 09:00-15:00

Representantar frå styresmaktene, organisasjons- og næringsliv skal presentere og diskutere strategiar og politikk innan kultur- og kulturminnevern, vise gode døme, og drøfte løysinga av praktiske utfordringar på begge sider av Nordsjøen.

Konferansen skal undersøkje mogelegheitene for vidare samarbeid og etablering av tenlege møtestader for organisasjonar og prosjekt. Konferansen skal gjere det lettare å kome i inngrep med kvarandre gjennom deling av erfaringar og god praksis.

Fleire detaljar finn du i vedlagte agenda, med rettleiing for dei som vil gje korte presentasjonar.

Sharing best practise – an innovative approach to heritage in Norway and Scotland

Hordaland fylkeskommune and the Scottish Government are delighted to be able to invite you to a roundtable conference in Bergen, on the 24 October 2014.

Location: Hotel Scandic Bergen City
Time: 09:00-15:00

You are invited to join an international co-operation with officials from Scottish Government and heritage and arts- organisations in Scotland. The main aim of the conference is to share information on strategic approaches to culture and heritage policymaking and to address issues facing particular cases in both Scotland and Norway.

Finally, the conference will also focus on the opportunities for further collaboration and launch a 'match-making' service through which organisations or project leaders on both sides of the North Sea will be able to make a pitch for collaboration and be matched to other organisations who may be able to offer advice or share good practice. More details on this are provided in the attached agenda and there is specific advice for contributors interested in contributing to session three below.

Konferansen har tre hovudtema:

- **Strategiske mål for kulturarvsektoren**
 - a. Politikktutvikling
 - b. Finansiering og auka spreing av ansvar
 - c. Utvikle nye tverrsektorielle samarbeid
- **Deling av beste praksis**
 - a. Finansiering
 - b. Tverrsektorielle tilnærmingar
 - c. Kapasitetsbygging
- **Samarbeid**
 - a. Identifisere aktuelle tema og prosjekt for vidare samarbeid om kulturarv mellom Skotland og Noreg.

Konferansen vert på engelsk, men det er høve til å snakke norsk. Fleire detaljar er i den vedlagde agendaen. Der kan dei som ønskjer å bidra i tredje del av konferansen også finne informasjon.

Vi er takksame dersom stadfester deltaking på konferansen og evt bidrag i sesjon 3 til fagkoordinator Elisabeth Bjørsvik (tlf 55239194), e-post:

elisabeth.bjorsvik@hfk.no innan fredag 17.10.2014.

Med venleg helsing,

Per Morten Ekerhovd
Hordaland fylkeskommune

Andrew Fleming
Scottish Government

The conference will address three main aims:

- **Strategic Policy issues**
 - a. Policy Development
 - b. Funding and diversification of resources
 - c. Developing cross sector buy-in
- **Sharing good practice on specific issues and cases**
 - a. Funding projects
 - b. Cross sectoral approaches
 - c. Building Capacity
- **Identifying opportunities for future collaboration**
 - a. Identifying themes and projects through which collaborative work may be taken forwards between Norway and Scotland

We would be very glad if you could confirm your attendance and indicate if you would be interested in participating in session three by email to

David.Fleetwood@scotland.gsi.gov.uk by Friday 17.10.14.

Kind regards,

Per Morten Ekerhovd
Hordaland fylkeskommune

Andrew Fleming
Scottish Government

Vedlegg:

Bakgrunn:

Ei rekkje avslutta og pågåande aktivitetar har styrka tilhøvet mellom Skottland og Noreg; tidligare samhandling mellom institusjonar og fagmiljø som arbeider med tekniske og industrielle kulturminne i dei to landa: Historic Scotland, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, og langvarig samarbeid mellom Edinburgh City Council og Hordaland fylkeskommune. Etter offisielle besøk frå Skottland i 2012, opphald for medarbeidarar frå Hordaland fylkeskommune hos Historic Scotland, og offisiell vitjing av fylkespolitikarane i Hordaland i til Edinburgh i 2013, tok tanken om eit breiare samarbeid form - mellom anna fordi Skottland og Noreg har mange like utfordringar innan kulturminnevernet. Kontakten er utvikla gjennom besøk og møte i 2013 og 2014, men utan at det er konkludert om vidare samarbeid.

I løpet av det innleiande arbeidet har representantar frå begge land uttrykt ein felles intensjon om å styrkje samhandlinga: ved etablering av faglege nettverk: i spesifikke prosjekt, eller basert på partnerskapsavtalar. Ulike emne er drøfta: kulturarvsstrategiar, strategisk samfunnsplanlegging, landskap, fornybar energi, tekniske- og industrielle kulturminne, dokumentasjon, lokal samfunnsutvikling, sivilsamfunn og verdsarv. Det er eit klart fokus på kulturminnevern – eller det større kulturarvsomgrepet.

Første del av dagen er organisert med presentasjonar og drøftingar av gjeldande politikk og interessante døme.

Other Information:

Background:

The meeting is based on previous interaction between public institutions and professionals working with technical and industrial heritage in the two countries: Historic Scotland, the Norwegian Water Resources and Energy Directorate (NVE), Norwegian Museum on Hydropower and Industry (NVIM), as well as a long term relationship between Edinburgh City Council and Hordaland County Council. In addition, several terminated and on-going activities and projects have strengthened the professional links between Scotland and Norway.

Following an official Scottish visit to Norway in 2012, a professional exchange of two heritage officers from Hordaland to Historic Scotland and formal visit by elected councilors from Hordaland in 2013, the intention to establish a broader partnership was conceived – in particular as both Scotland and Norway face similar challenges in the heritage sector. The contact has been developed through mutual visits and meetings in June and December 2013 and June 2014, but without final conclusions so far.

However, during the initial considerations the public partners from both countries have expressed a common intention: to encourage cooperation through professional contact, in specific projects, or under the auspices of a formal framework or partnership agreement. A clear focus on heritage is identified. The following topics have been under preliminary consideration: strategy, landscape, energy/renewables, technical and industrial heritage, documentation, local community development, civil society, world heritage, and strategic planning.

Sesjon tre er sett saman av korte presentasjonar av aktuelle prosjekt eller programsatsingar som kan vere utgangspunkt for samarbeid. For å halde slike innlegg, vil vi be deltakarane om førebudde innlegg på 5 minutt, med utgangspunkt i spørsmåla under. Etter kvart innlegg er det rom for felles diskusjon.

Dersom bidragsytarane gjev løyve, vert innlegga filma. Aktuelle skotske og norske samarbeidsorganisasjonar vert invitert til framsyning av videosnuttane. Hordaland fylkeskommune og dei skotske styresmaktene vil vere støttespelar for å etablere vidare kontakt. Her er spørsmåla vi vil du skal svare på:

Session Three: this session will provide an opportunity to make an 'elevator pitch' for collaboration either nationally or internationally on a project or larger programme. Contributions to the session will be filmed and the 'pitches' placed online as short videos, under different categories. Colleagues in other organisations in both Scotland and Norway will then be invited to view the pitches related to their area and a matching service run through Hordaland Fylkeskommune and Scottish Government will make connections between organisations in both countries.

In order to make contributions to this session as useful as possible contributors are asked to prepare a 5 minute pitch covering the following questions, which will be made to camera, and then there will be space for wider discussion amongst delegates after the pitch has been made. The questions your pitch should address are –

- **Kva handlar prosjektet/programmet om?**
Døme: restaureringa av gamle handelshus i kystsamfunn i Nordøstskottland.
- **Kva er hovedutfordringane i prosjektet.** *Døme: Skaffe midlar til restaureringsarbeidet av bygningar.*
- **Korleis kan internasjonal samarbeid hjelpe prosjektet til å lukkast?** *Døme: Slutte seg til nettverk av aktørar som kan gje auka kunnskap om finansiering.*
- **What is my project / programme about?**
E.g. restoration of a former merchants house in a small coastal community in North East Scotland
- **What challenges face my project?** E.g. gaining sufficient capital funding for the restoration works
- **Why would international collaboration help?** E.g. joining up with other good practice on securing funding and opportunity to join into networks.